


Løpeseddel-skolekampanje.indd 3 07.08.2026 12:46

# Ein betre skule for alle!

SV meiner at skulen skal gi alle elevar gode høve til å lukkast, uansett bakgrunn eller føresetnader. Mange born opplever i dag stress og mobbing på skulen, og fråværet har auka. Dette må vi gjere noko med.

Derfor vil SV ha fleire tilsette i skule og SFO, slik at kvar elev får den oppfølginga dei treng, og skulen blir ein betre stad å jobbe. Vi vil gi dei yngste borna meir leik og fysisk aktivitet, styrke fellesskapet og gjere skulen meir motiverande for alle.

Barn og unge er framtida vår. Derfor satsar SV på ein sterkare skule, med plass til alle elevar.

**Ein betre skule for alle!**

## SV vil:

- sikre nok lærarar i skulen.
- styrke arbeidet med tilrettelagt undervisning for dei som treng det.
- at alle fag i skulen blir oppfatta som likeverdige og av like stor verdi.
- ha tydelegare nasjonale krav til digitale einingar i skulen.
- innføre gratis måltid kvar dag i grunnskulen og vidaregåande skule.

**Sosialistisk Venstreparti**
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Les meir om SVs skulepolitikk her

Løpeseddel-skolekampanje.indd 4 07.08.2026 12:46